

TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 1 2019

34. ÅRGANG

Les minneord etter
to nestorar i laget
og ringen, *Jorunn
Drage Vale* (s. 2-3)
og *Petter Eide* (s. 4)



FOTO: Sate Fjfe ©



FOTO: Alv Reidar Dale ©

Bli med på *Rørosleken* 10.–12. mai!

Leiarer – vel møtt i 2019!

Gode medlemmar!

Ved eit årsskifte ser ein gjerne attende, og ser vi langt nok i den retninga, vil vi sjå at aktiviteten i dei tre tidlegare laga, dvs. Sogne-, Sunnfjord- og Nordfjordlaget, gjekk i bølger, noko som vil seie at det også var bølgedalar.

Denne avisa har med to minneord om



FOTO: Agnar Hegrenes

folk som sikkert opplevde dette, men også kunne glede seg over toppane.

Vi hadde hyggelege toppturar også i fjor, som dei på teater og tilskipingar på hyttene, og tenkjer at dette vil vi satse på også i år. Og ikkje minst Ringen med folkedansen. Men vi hadde ingen klubbe-fest – for første gong sidan krigen, og spørsmålet er: kva no? Skal det komme noko i staden, og i tilfelle kva?

Det er tid for å sjå framover, noko som er endå ein god grunn til å delta på **årsmøtet torsdag 14. februar kl. 19.00** i Bygdelagshuset. Årsmøtepapira vert sende ut samstundes med denne avisa. Vel møtt på årsmøtet!

Helsing *Agnar Kvellestad*, leiar

Jorunn Drage Vale til minne

Jorunn Drage Vale vart fødd 29.12.1925 og døydde 25.06.2018, 93 år gammal.

Jorunn var fødd og voks opp på Drage i Selje kommune utpå Stadlandet.

Etter landsgymnas kom ho til Oslo i 1948. Jorunn kom fort med i Nordfjordlaget, ho var godt kjend med lagsarbeid frå heimstaden, og i 1954 vart ho styremedlem i laget. Ho likte å danse og var med i Sogn og Fjordaneringen då den vart skipa same året. Ho dansa også i leikar-

ringen til Bondeungdomslaget.

Jorunn tok bibliotekarutdanning, og etter elevperiode ved Deichmanske bibliotek valde ho fagbibliotek og spesialarkiv som sitt arbeidsområde. Ho arbeidde fleire år i Det Norske Veritas.

På fritida var det lagsarbeid og folkedans som var hovudaktivitet.

I 1956 og 1957 var ho vara til styret i Oslo Fylkeslag (i dag BLS), i 1958 er ho styremedlem, og deretter tre år som varaformann (som det den gongen heitte),

i 1959, 1960 og 1961 i Oslo Fylkeslag.

I Sogn og Fjordaneringen var ho styremedlem i 1963 og 1964, og med i bunadsnemnda. Ho var med ringen og dansa på fleire utanlandsturar.

I Noregs Ungdomslag var ho også aktiv. Der finn vi henne som vara til styret i NU frå årsmøtet i 1959 til og med årsmøtet 1961, og som styremedlem frå årsmøtet 1963 til og med årsmøtet i 1968.

Jorunn og Per Vale, som ho seinare vart gift med, sat i NU-styret samstundes i 61-62 og 62-63. Dei busette seg i Vollen i Asker.

På midten av 1970-talet vart Jorunn 'henta' for å etablere og leie informasjonssenteret i det nystarta Saga Petroleum. Med sin skarpe logikk, store arbeidskapasitet og tydelege prioriteringsevne utvikla Jorunn Drage Vale Sagas informasjonssenter til eit fagleg forbilde, ikkje berre for oljebransjen. Ein jamn straum av fagfolk frå arkiv og dokumentasjonssenter, norske og utanlandske, valfarta gjennom åra til Saga for å lære. Jorunn var målbevisst og hadde stor integritet. Ho var bestemt og hadde eit skarpt blick, men smilet og latteren sat laust.

Også i Vennelaget til Det Norske Teatret har Jorunn vore aktiv. Ho overtok som styreleiar for vennelaget frå årsmøtet

i 1975 og var styreleiar til ho gjekk av og ut av styret på årsmøtet i 1978.

Både Jorunn og Per var faste på klubbefesten i ein 'mannsalder'. Siste gongen Jorunn var på klubbefesten, var truleg i 2009.

Per gjekk bort for nokre år sidan, og Jorunn kom til Gullhella bo- og aktivitetssenter, der ho budde til ho døydde 25. juni 2018. Signe minnet etter henne.

Anny Sollid

Tur på *teater* til våren

Det vert truleg ein lagstur på teater denne våren også. Me kjem attende til tid og stad og stykke, truleg noko på Det Norske. Det

kan kanskje bli «Tung tids tale» av Olaug Nilsen frå Førde. Ho har fått svært god omtale både for boka og stykket.



FOTO fra jubileumboka til Sogn og Fjordaneringen, 50 år 2004

Takk for *alt du gav oss*, Petter!

25. oktober i fjor gjekk Petter Eide ut or tida. Og 6. november var vi mange samla i Vereide kyrkje for eit høgtids-samt siste farvel med ein av Nordfjord og fylket sine største kulturarbeidarar og kunstnarar gjennom tidene.

Petter var fødd på Sandane i 1925 og voks opp saman med foreldra og den eldre broren Gunnar, som seinare vart kjend arkitekt i Oslo. Mora Olina (f. Flølo) var sydame og faren Knut Eide møbelsnikkar med eigen verkstad i huset på Kleive-dammen. Eit lite jordstykke gav kjærkome tilskot til hushaldet.

Faren sysla òg med litt felespel. Han bygde endåtil nokre få hardingfele, så det var naturleg at Petter fekk lyst å prøve seg som spelemann. Etter hans eiga utsegn var faren lite tolmogig med å lære frå seg slåttar eller i det heile teke å spele ein heil slått til endes. Petter gjekk difor til fotografen og spelemannen Helge Lyslo for å lære. Lyslo kom frå Innvik og sat inne med stor slåttekunne, særleg etter den vidgjetne spelemannen Anders Reed.

Petter var ein gløgg gut og gjorde det godt på skulen. Etter Firda gymnas med toppkarakterar gjekk turen til Trondheim og NTH. Den lengste tida i yrkeslivet hadde han i Sogn og Fjordane Energi med planlegging av kraftlinetrasear. Kontor-staden var på Sandane, så det høvde fint å flytte heim og overta huset til foreldra og ta seg av mora på hennar eldre dagar.

Men før den tid hadde han nokre år på arbeid i Oslo, og der vart han sjølvstøtt nytta som spelemann til dansarane i Sogn og Fjordaneringen. Denne kontakten heldt han ved like, og i Noregs Ungdomslag vart Petter ein svært ettertrakta spelemann både på landsstemner, nordiske stemner og på ymse andre oppdrag i utlandet. Den edruelege og omgjengelege Petter vann seg ein svært stor veneflokk.

Øg at spelinga hans heldt høg standard, fekk han stadfesta på Landskappleiken i Molde i 1966, der dommarane sende han opp i A-klassen på hardingfele. Det var nok hardingfela han likte best, og den nytta han både i Firdakvartetten og i Glop-pen hardingfelelag, som han var med og skipa og spelte aktivt i til det siste. Men han dyrka òg den vanlege fela, særleg i Austrheim musikklag og som medspelar i andre lag som Nordbygda og Fjelljom når høvet baud seg.

I studietida i Trondheim nytta Petter tida til å gå på kurs i teikning og måling, og slike høve til vidare utvikling i kunsten nytta han også seinare. At han hadde gode anlegg i den retning, vitnar alle dei flotte måleria om, særleg av hus og landskap, og dei utallege illustrasjonane han gjennom åra laga til Årbok for Nordfjord og Jul i Nordfjord. Begge desse skrifter vart Petter sine hjartebarn, og vi kan lure på om dei framleis hadde eksistert utan hans store entusiasme. Han var med i redaksjonen så lenge han levde.

Eg var så heldig å verte bra kjend med Petter, og eg vart imponert over korleis han nytta og prioriterte tida si. Han hadde så mykje han skulle ha gjort på kulturfeltet at han rett og slett ikkje hadde tid til å vere i fast arbeid heilt til normal pensjonsalder.

Biletredaksjon i bygdeboka for Gloppen og Breim var ei mellomlanding der han var rett mann på rett stad. Og når vi til dømes var på Landskappleiken eller Landsfestivalen, hadde han alltid med noko arbeid i veska si. Då kunne han sitje i salen og høyre og sjå på tevlingane og samtidig lese korrektur på stoff til årboka eller Jul i Nordfjord.

Han var svært oppteken av å få nytt liv i dei gode, tradisjonsrike dansane våre, som t d nordfjordspringaren og hamborgaren. Særleg sistnemnde var Petter sjølv ein meister i, og då eg frå hans gode musikkvener i Gloppen fekk i oppdrag å lage ein ny slått til nittiårsdagen hans, vart det sjølvsaugt ein hamborgar. Den skulle framførast av eit stort og samansett spele-




FOTO: Sisle Fjell ©

mannslag på den store festen for Petter. Men kort tid før fekk Petter eit hjerneslag og ville ikkje ha noko stor markering av dagen. Slåtten fekk han likevel framført av meg, og på gravferdsdagen ljoma han med mange hardingfeler og trekkspel i minnestunda på Nordfjord folkemuseum.

At minnestunda vart halden nettopp der, var heilt naturleg. Museet var Petter sitt aller største hjarte barn. Mangfaldige år var han styreleiar, og han var drivkraft for mang ei flott tilskiping for å syne både den materielle og den ikkjematerielle kulturarven vår. Han brukte sjølv uhorveleg mange gratistimar på å berge bygningar rundt om i bygdene, gjere nøyaktige opp-teikningar av dei, ta dei ned og få dei oppattsette på museet. Hans arbeid med å registrere og skrive om dei gamle drakt-skikkane i Nordfjord er òg ein del av hans store museumsinnsats.

Det kunne vore skrive ei heil bok om Petter Eide si livsgjerning. Han ofra seg for kulturen, og på minnestunda var det ein som trekte samanlikning med Ivar Aasen, som heller ikkje hadde tid til å ha familie om han skulle få gjort alt han hadde fått «kall» til. Det vart òg trekt fram mange gode historier og replikkar knytte til Petter. Han var ein mann med god humoristisk sans, blomstra på scena og fekk god kontakt med publikum både som programleiar eller som spelemann.

Det vart referert frå ei øving i Austrheim musikk lag. Den musikalske leiaren Trygve Apalset var litt i tvil om kva som var høveleg lengd på ein slått dei arbeidde med; om det var aktuelt å sløyfe nokre repetisjonar av skifta ved andre gjennomspeljinga, så han bad Petter om å kome med si vurdering. «Det kjem no litt an på kven ein dansar med», lydde svaret.

Kvifor Petter ikkje fekk fylkeskulturprisen, får andre svare for. Eg kan i alle fall garantere for at det vart sendt inn godt grunngejevne framlegg gong etter gong. Men ein del heider fekk han heldigvis. Det vart både kulturprisen for Gloppen, H.M. Kongens fortanestemedalje og heider frå Nordfjord sogelag. Og noko som gleda oss i spelemannslaget Fjelljom ekstra, var at vårt framlegg om folkemusikkprisen for Sogn og Fjordane til Petter slo til. Utdelinga skjedde på ein fylkeskappleik i Naustdal, og Petter var uvitande og ikkje førebudd på den store heideren. Ein rørt og spak Petter tok imot stor jubel og takka for prisen med denne korte talen: «Sjeldan eller aldri har eg høyrte så mykje fint sagt om meg. Og det gjorde godt.»

Brordottera Eva Eide Koefoed hadde regien på den fine gravferdsdagen. Det var ein kar som etterpå sa at denne dagen ville Petter sett pris på å vore med på. Olaf Sigurd Gundersen heldt både ei og to glimrande taler i kyrkja, der han kopla bibelorda til biletkunstnaren og spelemannen Petter sitt liv, og orda «I did it my way» gjekk att. Og då båra var komen i bilen som roleg starta siste reisa, lydde Gundersen si malmfulle røyst til folkehopen: «Vi sørger, men vi feirer også et liv. En siste applaus for Petter!» Og retteleg applaus vart det.

Takk for alt du gav oss, Petter!

Arne M. Sølberg

Bli med på tur til *Rørosleken* i mai!

Han Svein (Aasen) inviterer danseglade med på tur til Røros-leken i mai i år også, i år andre helga, 10.–12. mai. Han har som før fått Hogne Tellnes til å køyre bussen og bli med på dansen!

Røros-leken er eit vidkjent arr. og samlar 200-250 dansarar frå heile Sør-Norge.

Fredag 10. mai:

Kl. 10.00: Avreise frå Oslo, frå bussparkeplassen i Skippergata, bak Havnelage-ret. Lunsj undervegs, eigen betaling.

Erzscheidergården tilbyr middag når vi kjem fram. 2-rettars meny for kr. 350,- .

Kl. 20–24: “Bli kjent-kveld” i Gymsbygget.

Musikk: Småviltlaget

Laurdag 11. mai:

Kl. 11–14: “Middagsdans” i Sangerhuset.

Musikk: Glåmos spellmannslag

Kl. 18–01: Leikfest i Gymsbygget.

Musikk: Gränslaget

Middag, kaffi og kaker inngår i billetten.

Søndag 12. mai:

Kl. 11–14: “Etterpålåg” i Sangerhuset. Musikk: Mange gode og kjende spellemenn.

Retur Oslo med matpause undervegs, eigen betaling. Tilbake i Oslo ca. kl. 21–22.

OVERNATTING

Vi har reservert rom til 39 stk. på Erzscheidergården (same stad som før).

<http://www.erzscheidergaarden.no/>

Sengene er fordelt på 2 familierom for 4 personar, 2 stk. 3-sengsrom, 12 dobbeltrom og eitt enkeltrom. Vi har også fått reservert nokre rom på Regnbuegården. Betaling for overnatting gjer kvar enkelt der dei bur.



FOTO Frå nettet

TRANSPORT

Vi leiger buss frå JVB tur AS. Hogne Tellnes er sjåfør, det garanterer triveleg tur.

PRIS

- Buss Oslo – Røros tur/retur kr. 800,-. Bussen har plass til 49, og brukar å ha eit eige spelemannslag med, «Baksetelaget».
- Gjennomgangsbillett til alle arr.. Denne inkluderer også leikfesten: kr. 800,-. Det er framleis ledige plassar både på bussen og på Erzscheidergården, der dei fleste skal bu, og på Regnbuegården.
- Kontakt Svein for nærmare informasjon.

PÅMELDING til Svein Aasen,

mobil 482 99 981 eller e-post: svein.aasen@multiconsult.no eller sveinaasen47@gmail.com så raskt som råd innan 1. mars 2019.

STYRET

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvellestad krøllalfa nmbu.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 92 06 72 63
hilmarnum krøllalfa outlook.com

PRESSE & PR

Leiar: Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)
a.r.e.dale krøllalfa uniform.uio.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 92 49 64 38
agnar.hegrenes krøllalfa nibio.no

Kontakt Sunnfjordhytta:

Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)
andorgj krøllalfa frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta:

Dagfinn Aa 45 00 49 33
aa12 krøllalfa online.no

SOGN OG FJORDANDERINGEN

Nestleiar: Finn Stafsnes 90 82 12 27
Fi-stafs krøllalfa online.no

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo
